

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSAVGJERD (EU) 2016/344**2018/EØS/87/57****av 9. mars 2016****om etablering av ei europeisk plattform for å styrkje samarbeidet i kampen mot svart arbeid^(*)**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 153 nr. 2 bokstav a),

med tilvising til framlegget frå Europakommisjonen,

etter oversending av utkast til regelverksakt til dei nasjonale parlamenta,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet⁽²⁾,etter den ordinære regelverksprosedyren⁽³⁾ og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I meldinga si av 18. april 2012 med tittelen «Towards a job rich recovery» la Kommisjonen vekt på behovet for eit betre samarbeid mellom medlemsstatane, og varsla om at det skulle innleiast høyringar om innføring av ei plattform på unionsplan for arbeidstilsyn og andre tilsynsstyresmakter med sikte på å kjempe mot svart arbeid, med mål om betre samarbeid, utveksling av beste praksis og utarbeiding av felles prinsipp for inspeksjonar.
- 2) I samsvar med artikkel 148 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen (TVEU) vedtok Rådet ved avgjerd (EU) 2015/1848⁽⁴⁾ retningslinjer for sysselsetjingspolitikken til medlemsstatane. Disse retningslinjene gjev medlemsstatane rettleiing om utarbeiding av nasjonale reformprogram og gjennomføring av reformer. Retningslinjene for sysselsetjing utgjer grunnlaget for landspesifikke tilrådingar som Rådet rettar mot medlemsstatane i medhald av den nemnde artikkelen. I dei seinare åra har desse landspesifikke tilrådingane òg omfatta råd om korleis kampen mot svart arbeid skal førast.
- 3) I artikkel 151 i TVEU er fremjing av sysselsetjinga og betring av leve- og arbeidsvilkåra fastsette som sosialpolitiske mål. Med sikte på å nå desse måla kan Unionen støtte og utfylle innsatsen til medlemsstatane når det gjeld helse og tryggleik på arbeidsplassen, arbeidsvilkår, integrering av personar som står utanfor arbeidsmarknaden, og kamp mot sosial utstøying. I samsvar med artikkel 153 nr. 2 bokstav a) i TVEU kan Unionen vedta tiltak for å oppmuntre til samarbeid mellom medlemsstatane, bortsett frå tiltak for å harmonisere lovene og forskriftene til medlemsstatane.

^(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 65 av 11.3.2016, s. 12, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 254/2016 av 2. desember 2016 om endring av EØS-avtalens protokoll 31 om samarbeid på særlige områder utenfor de fire friheter, se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 56 av 23.8.2018, s. 68.

⁽¹⁾ TEU C 458 av 19.12.2014, s. 43.

⁽²⁾ TEU C 415 av 20.11.2014, s. 37.

⁽³⁾ Haldning frå Europaparlamentet av 2. februar 2016 (enno ikkje offentleggjort i TEU) og rådsavgjerd av 24. februar 2016.

⁽⁴⁾ Rådsavgjerd (EU) 2015/1848 av 5. oktober 2015 om retningslinjer for sysselsetjingspolitikken i medlemsstatane for 2015 (TEU L 268 av 15.10.2015, s. 28).

- 4) I resolusjonen sin av 14. januar 2014 om effektivt arbeidstilsyn som strategi for betring av arbeidsvilkåra i Europa helsa Europaparlamentet velkomme initiativet for å skape ei europeisk plattform, og oppmoda til betre samarbeid på unionsplan for å kjempe mot svart arbeid, noko som ifølgje resolusjonen skadar økonomien til Unionen, fører til illojal konkurranse, set den økonomiske berekrafta til samfunnsmodellane i Unionen i fare og aukar mangelen på sosial tryggleik og stillingsvern for arbeidstakarar.
- 5) I kommisjonsmeldinga av 24. oktober 2007 med tittelen «Stepping up the fight against undeclared work» var svart arbeid definert som all betalt verksemd som er lovleg i seg sjølv, men som ikkje vert rapportert inn til offentlege styresmakter, samstundes som det vert teke omsyn til dei ulike rettslege rammevilkåra i medlemsstatane. Denne definisjonen omfatta ikkje noka form for ulovleg verksemd.
- 6) Svart arbeid har ofte ein grensekryssande dimensjon. Typen svart arbeid kan variere frå ein stat til ein annan, avhengig av økonomiske, administrative og sosiale tilhøve. Nasjonal lovgjeving om svart arbeid og dei definisjonane som vert nytta på nasjonalt plan, er ulike. Tiltaka for å kjempe mot svart arbeid bør difor tilpassast for å ta omsyn til desse skilnadene.
- 7) Utrekningar viser at svart arbeid utgjer ein vesentleg del av økonomien til Unionen. Ettersom svart arbeid er definert ulikt i den nasjonale lovgjevinga til medlemsstatane, er det vanskeleg å innhente nøyaktige opplysningar om kor omfattande dette er.
- 8) Misbruk av statusen som sjølvstendig næringsdrivande, slik det er definert i nasjonal lovgjeving, anten på nasjonalt plan eller på tvers av landegrensene, er ein type feilrapportert arbeid som ofte vert knytt til svart arbeid. Det er snakk om falsk sjølvstendig næringsverksemd når ein person opplyser at han/ho er sjølvstendig næringsdrivande, men samstundes oppfyller dei vilkåra som er typiske for eit arbeidstillhøve, for å unngå visse rettslege plikter eller skatte- og avgiftsplikter. Plattformen som vert etablert ved denne avgjerda (heretter kalla «plattform»), bør kjempe mot alle former for svart arbeid og mot feilrapportert arbeid som er knytt til svart arbeid, medrekna falsk sjølvstendig næringsverksemd.
- 9) Svart arbeid har alvorlege konsekvensar for dei arbeidstakarane som det gjeld, som må finne seg i usikre og i blant farlege arbeidsvilkår, mykje lågare løn, alvorlege krenkingar av arbeidstakarrettane og vesentleg redusert vern i medhald av arbeidsrett og sosialrett, og som difor ikkje får tilstrekkeleg tilgang til sosiale ytingar, pensjonsrettar og helsetenester og heller ikkje til kompetanseutvikling og livslang læring.
- 10) Svart arbeid har ulike former for negativ innverknad på samfunnet og økonomien, og plattformen har som mål å betre arbeidsvilkåra og å fremje integrasjon i arbeidsmarknaden og sosial integrasjon. Svart arbeid har store budsjettmessige følgjer ved at det fører til lågare inntekter frå skattar og trygde- og pensjonspremiar, og undergrev den økonomiske berekrafta til ordningane for sosial tryggleik. Svart arbeid har negativ innverknad på sysselsetjing og produktivitet, og skapar ulike konkurransevilkår.
- 11) Svart arbeid har ulik innverknad på ulike sosiale grupper, mellom anna kvinner, innvandrarar og tilsette i hushald, ettersom visse personar som utfører svart arbeid, er særleg sårbare.
- 12) Det er innført ei rekkje politiske strategiar og tiltak i medlemsstatane for å motverke svart arbeid. Medlemsstatane har òg inngått bilaterale avtaler og utarbeidd multilaterale prosjekt når det gjeld visse sider ved svart arbeid. Kampen mot det samansette problemet som svart arbeid utgjer, må utviklast vidare og krev ei heilskapleg tilnærming. Plattformen bør ikkje hindre bruken av bilaterale eller multilaterale avtaler eller ordningar for administrativt samarbeid.
- 13) Deltaking i verksemda til plattformen rører ikkje ved dei kompetanseområda og/eller pliktene som medlemsstatane har til å kjempe mot svart arbeid, medrekna dei nasjonale og internasjonale ansvarsområda deira i medhald av mellom anna relevante og gjeldande konvensjonar frå Den internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO), til dømes konvensjon nr. 81 om arbeidstilsyn i industri og handel.
- 14) Samarbeidet mellom medlemsstatane på unionsplan er framleis langt frå fullgodt, anten det gjeld dei medlemsstatane som deltek, eller dei sakene samarbeidet omfattar. Det finst inga formell ordning for samarbeid over landegrensene mellom dei relevante styresmaktene i medlemsstatane for ei heilskapleg handtering av spørsmål som er knytte til svart arbeid.

- 15) Det må oppmuntrast til samarbeid på unionsplan mellom medlemsstatane for å hjelpe dei til å kjempe mot svart arbeid på ein meir føremålstenleg og verknadsfull måte. I denne samanhengen bør plattforma ha som mål å lette og støtte utvekslinga av beste praksis og informasjon, og å skape ei ramme på unionsplan for å utvikle ei felles forståing av, sakkunnskap om og analysar av svart arbeid. Felles definisjonar og omgrep når det gjeld svart arbeid bør spegle av utviklinga på arbeidsmarknaden. Plattforma bør òg oppmuntre til samarbeid mellom dei ulike tilsynsstyresmaktene i medlemsstatane som deltek frivillig i slike tiltak på tvers av landegrensene.
- 16) Denne avgjerda har som føremål å oppmuntre til samarbeid mellom medlemsstatane på unionsplan. Situasjonen når det gjeld svart arbeid er svært ulik frå medlemsstat til medlemsstat, og difor har dei relevante styresmaktene og andre aktørar i medlemsstatane ulike behov med omsyn til kva område dei kan samarbeide om. Medlemsstatane har framleis kompetanse til å avgjere i kva omfang dei vil delta i verksemd som er godkjend på plenums møte i plattforma.
- 17) Medlemsstatane bør oppmuntrast til å samarbeide nært og effektivt på unionsplan for å støtte og utfylle kvarandre i kampen mot svart arbeid. Tiltak på nasjonalt plan er avhengige av dei konkrete tilhøva i kvar einskild medlemsstat, og verksemda til plattforma kan ikkje kome i staden for ei vurdering på nasjonalt plan av kva tiltak som bør gjerast.
- 18) Medlemsstatane og dei styresmaktene som det gjeld, har framleis kompetanse til å identifisere, analysere og løyse praktiske problem i samband med handheving av den delen av unionsretten som gjeld arbeidsvilkår og sosial tryggleik på arbeidsplassen, og til å avgjere kva tiltak som skal gjerast på nasjonalt plan for å setje ut i livet resultatane av verksemda til plattforma.
- 19) Plattforma bør nytte seg av alle relevante informasjonskjelder, særleg undersøkingar, bilaterale avtaler mellom medlemsstatane og multilaterale samarbeidsprosjekt, og skape synergjar mellom eksisterande instrument og strukturar på unionsplan for å gje desse tiltaka størst mogleg avskrekkande eller førebyggjande verknad. Tiltaka til plattforma kan ha form av ei ramme for felles opplæring, gjensidige vurderingar (*peer reviews*) og innføring av verktøy som til dømes ein interaktiv kunnskapsbank, samstundes som det vert teke omsyn til eksisterande føregranskingar, mellom anna arbeidet som er utført av Den europeiske stiftinga for betring av leve- og arbeidsvilkåra (Eurofound), og – samstundes som det vert teke omsyn til kor viktig det er med datasikring – løysingar for datautveksling. Europeiske kampanjar eller felles strategiar kan auke medvitet om svart arbeid på grunnlag av den politikken og dei strategiane mot svart arbeid som alt finst i ulikt omfang i medlemsstatane. Plattforma bør òg trekkje inn ikkje-statlege aktørar som viktige informasjonskjelder.
- 20) Plattforma bør medverke til å styrkje samarbeidet mellom medlemsstatane, mellom anna ved å leggje til rette for nyskapande metodar for samarbeid og handheving over landegrensene, og ved å evaluere dei røyntslene medlemsstatane har frå slikt samarbeid. Utveksling av opplysningar til rett tid er særskild viktig for å motverke svart arbeid.
- 21) Dersom ein medlem av plattforma meiner at det vil vere føremålstenleg for utvekslinga av opplysningar og beste praksis innanfor plattforma å ta opp konkrete tilfelle, bør desse tilfella anonymiserast på ein høveleg måte. Plattforma kan berre vere effektiv innanfor ei ramme der personar som melder frå om tilfelle av svart arbeid, er verna mot ugunstig handsaming. Plattforma bør difor vere eit forum for utveksling av beste praksis på dette området.
- 22) Plattforma bør kunne nytte utvekslinga av opplysningar og beste praksis til å kome med nyttige innspel om moglege tiltak på unionsplan for å motverke svart arbeid, mellom anna frå Kommisjonen si side. Innanfor ramma av den europeiske planleggingsterminen (*European Semester*) kan plattforma kome med nyttige innspel når tiltak som er knytte til svart arbeid, skal vurderast.
- 23) Det er ulike nasjonale tilsynsstyresmakter som handsamar saker i samband med svart arbeid, til dømes arbeidstilsyn, andre styresmakter som har med helse og tryggleik på arbeidsplassen å gjere, trygdestyresmakter og skattestyresmakter. I visse tilfelle kan òg migrasjonsstyresmakter og arbeidsformidlingar, i tillegg til tollstyresmakter og styresmakter med ansvar for gjennomføring av den felles transportpolitikken, politiet, påtalemakta og partane i arbeidslivet, vere aktuelle.
- 24) For å kunne kjempe mot svart arbeid på ein fullgod og vellukka måte må det gjennomførast ein kombinasjon av politiske tiltak i medlemsstatane. Det bør leggjast til rette for dette ved å oppmuntre til eit strukturert samarbeid mellom relevante styresmakter og andre aktørar. Plattforma bør omfatte alle relevante nasjonale styresmakter, særleg tilsynsstyresmakter, som leier og/eller deltek i kampen mot svart arbeid. Medlemsstatane har framleis kompetanse til å

avgjere kva styresmakter som skal representere dei i samband med dei ulike formene for verksemd som plattform driv. Samarbeidet mellom nasjonale styresmakter i medlemsstatane bør finne stad i samsvar med gjeldande unionsrett og nasjonal lovgjeving.

- 25) For å nå måla sine bør plattform støttast av ein representant på høgt nivå i kvar medlemsstat som bør samordne og samarbeide nært med styresmaktene i medlemsstatane, og eventuelt med andre aktørar, medrekna partane i arbeidslivet, som handsamar dei mange ulike sidene ved svart arbeid.
- 26) Plattform bør trekkje inn partane i arbeidslivet på unionsplan, både på tvers av og innanfor dei sektorane som er mest påverka av eller har ei særskild rolle i kampen mot svart arbeid, og samarbeide med relevante internasjonale organisasjonar, til dømes ILO, Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling og unionsbyrå, særleg Eurofound og Det europeiske kontoret for helse og tryggleik på arbeidsplassen (EU-OSHA). Det at Eurofound og EU-OSHA deltek som observatørar i arbeidet til plattform, bør ikkje innebere at dei noverande mandata deira vert utvida.
- 27) Plattform bør sjølv vedta arbeidsordninga si, arbeidsprogramma sine og sine eigne, jamleg utarbeidde rapportar.
- 28) Plattform bør kunne opprette arbeidsgrupper for å undersøkje særskilde spørsmål, og bør kunne nytte seg av røynslene til fagfolk med særskild kompetanse.
- 29) Plattform bør samarbeide med relevante ekspertgrupper og utval på unionsplan som arbeider på område som har med svart arbeid å gjere.
- 30) Plattform og verksemda hennar bør finansierast gjennom PROGRESS-delen av Den europeiske unionens program for sysselsetjing og sosial nyskaping (EaSI) innanfor ramma av dei løyvingane som er fastsette av Europaparlamentet og Rådet. Kommisjonen bør sikre at dei finansielle midlane som er sette av til plattform, vert nytta på ein open og verknadsfull måte.
- 31) Ettersom det er viktig med klarleik og tilgang til dokument, noko som vert spegla av i dei prinsippa som er fastsette i artikkel 15 i TVEU, bør plattform utføre arbeidet sitt på ein oversiktleg måte og i samsvar med desse prinsippa.
- 32) Kommisjonen skal gjere dei administrative tiltaka som er naudsynte for å innføre plattform.
- 33) Plattform bør respektere fullt ut dei grunnleggjande rettane i pakta til Den europeiske unionen om grunnleggjande rettar, og etterleve dei prinsippa som er sannkjende der.
- 34) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 45/2001⁽¹⁾ og europaparlaments- og rådsdirektiv 95/46/EF⁽²⁾, i tillegg til dei relevante nasjonale gjennomføringstiltaka, skal nyttast ved handsaming av personopplysningar innanfor ramma av denne avgjerda.
- 35) EUs datatilsyn er vorte rådspurt i samsvar med artikkel 28 nr. 2 i forordning (EF) nr. 45/2001 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

KAPITTEL I

ALLMENNE FØRESEGNER

Artikkel 1

Etablering av plattform

Det vert etablert ei plattform på unionsplan med sikte på å betre samarbeidet mellom medlemsstatane i kampen mot svart arbeid (heretter kalla «plattform»).

For føremåla med denne avgjerda tyder «kampen mot svart arbeid» å førebyggje, hindre og kjempe mot svart arbeid og å fremje innrapportering av svart arbeid.

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 45/2001 av 18. desember 2000 om personvern i forbindelse med behandling av personopplysninger i Fellesskapets institusjoner og organer og om fri utveksling av slike opplysninger (TEF L 8 av 12.1.2001, s. 1).

⁽²⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 95/46/EF av 24. oktober 1995 om vern av fysiske personer i forbindelse med behandling av personopplysninger og om fri utveksling av slike opplysninger (TEF L 281 av 23.11.1995, s. 31).

*Artikkel 2***Samansetnaden til plattforma**

1. Plattformen skal vere samansett av
 - a) ein representant på høgt nivå som er utpeikt av kvar medlemsstat til å representere medlemsstaten,
 - b) ein representant for Kommisjonen,
 - c) opptil fire representantar for partane i arbeidslivet på tvers av sektorane på unionsplan, som er utpeikte av desse partane i arbeidslivet og har lik representasjon frå arbeidsgjevar- og arbeidstakersida.
2. Følgjande personar kan delta på møta til plattformen som observatørar, og det skal takast tilbørleg omsyn til innspela deira i samsvar med arbeidsordninga til plattformen:
 - a) inntil 14 representantar for partane i arbeidslivet i sektorar med høg førekomst av svart arbeid, som er utpeikte av desse partane i arbeidslivet og har lik representasjon frå arbeidsgjevar- og arbeidstakersida,
 - b) ein representant for Eurofound,
 - c) ein representant for EU-OSHA,
 - d) ein representant for ILO,
 - e) ein representant for kvar tredjestat i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet.

Andre observatørar enn dei som er nemnde i første leddet, kan inviterast til å delta på møta til plattformen, og det skal takast tilbørleg omsyn til innspela deira i samsvar med arbeidsordninga til plattformen, alt etter kva emne som skal drøftast.

*Artikkel 3***Nasjonale tiltak**

Denne avgjerda rører ikkje ved den kompetansen medlemsstatane har til å avgjere kva tiltak som må gjerast på nasjonalt plan for å kjempe mot svart arbeid.

*Artikkel 4***Mål**

Det overordna målet for plattformen er å tilføre ein tilleggsverdi på unionsplan i kampen mot det omfattande problemet som svart arbeid er, samstundes som nasjonale kompetanseområde og framgangsmåtar vert respekterte fullt ut.

Plattformen skal medverke til meir effektive tiltak, både på nasjonalt plan og unionsplan, for å betre arbeidsvilkåra, fremje integrering på arbeidsmarknaden og sosial integrasjon, medrekna betre handheving av lova på desse områda, og redusere svart arbeid og skape formelle arbeidsplassar, og på den måten unngå at kvaliteten på arbeidet og helsa og tryggleiken på arbeidsplassen vert svekt, ved å

- a) styrkje samarbeidet mellom dei relevante styresmaktene i medlemsstatane og andre aktuelle aktørar for å kjempe meir føremålstenleg og effektivt mot svart arbeid i ulike former og mot feilrapportert arbeid i samband med dette, medrekna falsk sjølvstendig verksemd,
- b) betre den evna som ulike relevante styresmakter og aktørar i medlemsstatane har til å kjempe mot svart arbeid på tvers av landegrensene, og på den måten medverke til like konkurransevilkår,
- c) gjere ålmenta meir medviten om problemstillingar i samband med svart arbeid og om kor viktig det er å setje i verk eigna tiltak straks, og i tillegg oppmuntre medlemsstatane til å trappe opp innsatsen sin i kampen mot svart arbeid.

KAPITTEL II

OPPDRA OG VERKSEMD

Artikkel 5

Oppdrag

For å nå dei måla som er oppførte i artikkel 4, skal plattformen på unionsplan oppmuntre til samarbeid mellom medlemsstatane ved å

- a) utveksle beste praksis og opplysningar,
- b) utvikle sakkunnskap og analysar,
- c) oppmuntre til og leggje til rette for nyskapande metodar for å få i stand eit effektivt og føremålstenleg samarbeid over landegrensene, og for å evaluere røynsler,
- d) medverke til å få ei overgripande innsikt i spørsmål som gjeld svart arbeid.

Artikkel 6

Verksemd

1. Plattformen skal særleg drive følgjande verksemd under utføring av oppdraget sitt:
 - a) betre kunnskapen om svart arbeid, òg når det gjeld årsaker og regionale skilnader, ved hjelp av felles definisjonar og felles prinsipp, forskningsbaserte måleverktøy og fremjing av samanliknande analysar og relevante metodeverktøy for datainn-samling, på grunnlag av det arbeidet som andre aktørar har gjort, medrekna Sysselsetjingsutvalet (EMCO) og Utvalet for sosial tryggleik (SPC),
 - b) betre kunnskapen om og den gjensidige forståinga av ulike system og praksisar i kampen mot svart arbeid, medrekna dei grensekryssande aspekta,
 - c) utvikle analysar av korleis ulike politiske tiltak for å kjempe mot svart arbeid verkar, medrekna førebyggjande tiltak og sanksjonar,
 - d) utarbeide verktøy for effektiv utveksling av informasjon og røynsler, til dømes ein kunnskapsbank med oversikt over ulike praksisar og tiltak som er gjennomførte, medrekna bilaterale eller multilaterale avtaler som vert nytta i medlemsstatane i kampen mot svart arbeid,
 - e) utvikle verktøy, til dømes retningslinjer for handheving, handbøker for god praksis og felles prinsipp for inspeksjonar for å kjempe mot svart arbeid, og evaluere røynslene med bruken av slike verktøy,
 - f) leggje til rette for og støtte ulike former for samarbeid mellom medlemsstatane ved å auke kapasiteten deira til å kjempe mot dei grensekryssande aspekta ved svart arbeid gjennom å fremje og leggje til rette for nyskapande metodar, til dømes utveksling av personale, bruk av databasar i samsvar med nasjonal datasikringslovgjeving og felles verksemd, og gjennom å evaluere røynslene som dei deltakande medlemsstatane har med eit slikt samarbeid,
 - g) undersøkje om det er mogleg å innføre eit system for snøgg utveksling av opplysningar og betre bruk av ressursar i samsvar med datasikringsreglane til Unionen, og eventuelt undersøkje om det er mogleg å nytte informasjonssystemet for den indre marknaden (IMI), som vart innført ved europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1024/2012⁽¹⁾, og elektronisk utveksling av trygdeopplysningar (EESSI),
 - h) utveksle dei røynslene som nasjonale styresmakter har med bruk av unionsretten i kampen mot svart arbeid,
 - i) utvikle og eventuelt betre opplæringa av relevante styresmakter og utarbeide ei ramme for å gjennomføre felles opplæring,

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1024/2012 av 25. oktober 2012 om forvaltningssamarbeid gjennom informasjonssystemet for det indre marked og om oppheving av kommisjonsvedtak 2008/49/EF («IMI-forordningen») (TEU L 316 av 14.11.2012, s. 1).

- j) organisere gjensidige vurderingar for å følgje framdrifta i kampen mot svart arbeid i dei medlemsstatane som har valt å delta i slike vurderingar,
- k) utveksle røynsler og utvikle beste praksis når det gjeld samarbeid mellom dei relevante styresmaktene i medlemsstatane, og eventuelt i tredjestatar, for å effektivisere samarbeidet om problemløysing i samband med svart arbeid i desse statane,
- l) auke medvitet om problemet med svart arbeid ved å gjennomføre felles tiltak, til dømes europeiske kampanjar, og ved å samordne strategiar på regionalt plan eller unionsplan, medrekna sektorvise strategiar,
- m) utveksle røynsler om rådgeving og informasjon til arbeidstakarar som er offer for svart arbeid.

2. I gjennomføringa av den verksemda som er nemnd i nr. 1, skal plattformen nytte alle relevante informasjonskjelder, medrekna undersøkingar og multilaterale samarbeidsprosjekt, og ta omsyn til relevante EU-instrument og -strukturar i tillegg til røynsler frå relevante bilaterale avtaler.

KAPITTEL III

VERKEMÅTEN TIL PLATTFORMA

Artikkel 7

Representantar på høgt nivå

1. Kvar medlemsstat skal peike ut ein representant på høgt nivå som medlem med røysterett i plattformen.

Kvar medlemsstat skal sikre at representanten deira på høgt nivå har høveleg fullmakt til å utøve verksemda til plattformen. Kvar medlemsstat skal òg peike ut éin vararepresentant som om naudsynt skal avløyse representanten på høgt nivå, og som skal ha røysterett i slike tilfelle.

2. Når dei peikar ut representanten på høgt nivå og vararepresentanten, bør kvar medlemsstat ta omsyn til alle relevante offentlege styresmakter, særleg tilsynsstyresmakter og andre aktørar som dette gjeld, i samsvar med nasjonal lovgjeving og/eller praksis. I samsvar med nasjonal lovgjeving og/eller praksis kan dei òg trekkje inn partane i arbeidslivet eller andre relevante aktørar.

3. Kvar representant på høgt nivå som er utpeikt i medhald av denne artikkelen, skal delta i plenumsmøta til plattformen og eventuelt i andre former for verksemd og arbeidsgrupper i plattformen.

Kvar representant på høgt nivå skal leggje fram for Kommisjonen ei liste med kontaktopplysningane til dei relevante styresmaktene og eventuelt til partane i arbeidslivet og andre relevante aktørar som tek del i kampen mot svart arbeid.

Kvar representant på høgt nivå skal fungere som eit bindeledd til alle relevante styresmakter og eventuelt til partane i arbeidslivet og andre relevante aktørar når det gjeld verksemda til plattformen, og skal samordne deltakinga deira på møta i plattformen og/eller bidra deira til verksemda eller til arbeidsgruppene til plattformen.

Artikkel 8

Verkemåte

1. Plattformen skal leiast av representanten for Kommisjonen. Leiaren skal få hjelp av to medleiarar som skal veljast ut blant representantane på høgt nivå.

Leiaren og medleiarane skal utgjere leiinga.

Leinga skal førebu og organisere arbeidet til plattformen i samarbeid med eit sekretariat som skal fungere som sekretariat for plattformen, medrekna for leiinga og arbeidsgruppene. Kommisjonen skal syte for sekretariatsfunksjonen.

2. Plattformen skal halde møte minst to gonger i året.

3. Som ein del av oppdraget sitt skal plattformen gjere vedtak om
 - a) arbeidsordninga si,
 - b) toårige arbeidsprogram, som mellom anna skal innehalde prioriteringar og ei konkret omtale av den verksemda som er nemnd i artikkel 6,
 - c) rapportar frå plattformen annakvart år,
 - d) oppretting av arbeidsgrupper som skal undersøkje dei spørsmåla som er oppførte i arbeidsprogramma, medrekna den praktiske organiseringa av desse arbeidsgruppene, som skal oppløysast så snart oppdraget deira er fullført.

Plattformen skal gjere dei vedtaka som er nemnde i dette nummeret, med vanleg fleirtal. Representanten for Kommissjonen og representantane på høgt nivå skal ha éi røyst kvar.

4. Dersom det er naudsynt, kan leiinga invitere sakkunnige med særskild kompetanse innanfor det emnet som vert drøfta, til å delta i drøftingane til plattformen eller til ei av arbeidsgruppene.
5. Plattformen skal få hjelp av det sekretariatet som er nemnt i nr. 1. Sekretariatet skal førebu møta til plattformen, utkasta til arbeidsprogram frå plattformen og utkasta til rapportar, i tillegg til å følgje opp møta til plattformen og konklusjonane frå desse.
6. Kommissjonen skal jamleg melde frå til Europaparlamentet og Rådet om verksemda til plattformen og om dei felles møta med ekspertgrupper og utval. Kommissjonen skal leggje arbeidsprogramma til plattformen og rapportane deira fram for Europaparlamentet, Rådet, Det europeiske økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet.

Artikkel 9

Samarbeid

1. Plattformen skal samarbeide på ein effektiv måte og unngå overlapping med arbeidet til andre relevante ekspertgrupper og utval på unionsplan som har samband med svart arbeid, særleg Utvalet for arbeidstilsynsleiarar, Ekspertutvalet for utsending av arbeidstakarar, Den administrative kommissjonen for koordinering av trygdeordningar, Nettverket for offentlege arbeidsformidlingar, Sysselsetjingsutvalet (EMCO), Utvalet for sosial tryggleik (SPC) og Arbeidsgruppa for administrativt samarbeid på området direkte skattlegging. Plattformen skal invitere representantar for desse gruppene og utvala til å delta som observatørar på møta til plattformen. For å effektivisere arbeidet og oppnå betre resultat kan det òg organiserast felles møte.
2. Plattformen skal etablere eit høveleg samarbeid med Eurofound og EU-OSHA.

Artikkel 10

Refusjon av utgifter

Kommissjonen skal refundere reiseutgifter og eventuelt opphaldsutgifter for medlemmer, varamedlemmer, observatørar og inviterte sakkunnige i samband med verksemda til plattformen.

Medlemmer, varamedlemmer, observatørar og inviterte sakkunnige skal ikkje få vederlag for dei tenestene som dei yter.

Artikkel 11

Finansiell støtte

Dei samla midlane til gjennomføring av denne avgjerda skal fastsetjast innanfor ramma av EaSI. Dei økonomiske midlane som er sette av til plattformen gjennom EaSI, skal forvaltast av Kommissjonen på ein open og effektiv måte.

KAPITTEL IV

SLUTTFØRESEGNER*Artikkel 12***Revisjon**

Innan 13. mars 2020 skal Kommisjonen, etter å ha rådspurt plattformen, leggje fram ein rapport om bruken av og tilleggsverdien til denne avgjerda for Europaparlamentet, Rådet, Det europeiske økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet, og eventuelt gjere framlegg om naudsynte endringar. I rapporten skal det særleg vurderast i kva omfang plattformen har medverka til å nå dei måla som er oppførte i artikkel 4, utført det oppdraget som er oppført i artikkel 5, gjennomført den verksemda som er oppført i artikkel 6, og følgd dei prioriteringane som er fastsette i arbeidsprogramma. Kommisjonen skal eventuelt kome med framlegg som gjeld verkemåten til plattformen.

*Artikkel 13***Adressatar**

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

*Artikkel 14***Ikraftsetjing**

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Strasbourg 9. mars 2016.

For Europaparlamentet

M. SCHULZ

President

For Rådet

J.A. HENNIS-PLASSCHAERT

Formann
